



Øystre Slidre kommune  
Bygdinvegen 1989  
2940 HEGGENES

Saksbehandlar, innvalstelefon

Philip Mellison, 61 26 60 79

## Fråsegn - offentlig ettersyn - kommuneplan - arealdelen - 2023 - 2035 - Øystre Slidre kommune

Vi viser til oversending med høyring av kommuneplanens arealdel. Vi viser også til vårt fråsegn til planoppstart.

### Oppsummering

**Revidering av kommuneplanens arealdel er eit stort og omfattande arbeid. Kommunen har lagt ned mykje arbeid. Vi meiner likevel planforslaget har nokre vesentlege manglar i konsekvensutgreiinga. Dette gjer det vanskeleg å ta stilling til foreslått arealbruk. Vi meiner derfor kommunen må oppdatere konsekvensutgreiing og truleg justere foreslått arealbruk noko som følgje av dette.**

### Motsegn

- Mangelfull konsekvensutgreiing. For mange av forslaga om ny arealbruk manglar drøfting av konsekvensar og moglege avbøtande tiltak.
- Bruk av omsynssone H910. Denne må vurderast opp mot nye nasjonale føringar
- Utbygging på dyrka mark.
- Endring av LNFR-spreidd bygnader til bustad og fritidsbustader utan konsekvensutgreiing
- Manglande byggeforbodssone langs vatn og vassdrag.
- Manglande ROS-analyse for heile kommuneplanen samla.
- Omfanget av byggområde på myr.
- Tidlegare avsett byggeområde der ny kunnskap om viktig naturmangfald føreligg.

### Faglege råd

- Statsforvaltaren forventar at kommunen gjer ein planvask av tidlegare avsette areal for utbygging og vurderer desse opp mot nye nasjonale føringar og nytt kunnskapsgrunnlag for naturmangfald.
- Sjå siste del av brevet med kommentarar til føresegnar.
- Justering av føresegn om avlaup



### Konsekvensutgreiing

Kommunen har laga konsekvensutgreiing for enkeltinnspel og for planen samla.

Statsforvaltaren meiner det er manglar ved konsekvensutgreiinga. Metodikken er ikkje nødvendigvis problemet, men vi viser likevel til «Håndbok om konsekvensut av klima og miljø M-1941». Denne er tilpassa reguleringsplan, men det er likevel sagt at den kan brukast på overordna nivå med noko tilpassing.

Statsforvaltaren viser til eit døme på kva vi ser som utfordrande med konsekvensutgreiinga av enkeltinnspel. For Liahøvda er det gitt en tabell med verknader for ulike tema fra -3 - +3 i konsekvens. Det er ikkje drøfta noko rundt dei ulike omsyna og kva som kan gjerast for å redusere verknadene. Samstundes ser Statsforvaltaren at dette rører ved mange viktige omsyn vi skal ivareta.

Konsekvensutgreiinga må ha fokus på korleis ein kan unngå nedbygging av viktige verdiar. Deretter, om det ikkje er mogleg å unngå ,må det vurderast avbøtande tiltak og til sist moglege kompenserte tiltak.

Statsforvaltaren fremmer **motsegn** til planen på grunn av mangelfull konsekvensutgreiing. Mange av dei omsyna vi skal ivareta er ikkje utgreia tilstrekkeleg til at vi kan ta stilling til foreslått arealbruk.

### Konklusjon: Kommunen tek innspelet om nye område for utbygging inn i planen

Tema	Gradering	Merknad
Naturmangfald	-2	
Jordbruk- skogbruksinteresser	-2	
Landskap	-3	
Kulturminne og kulturmiljø	*	
Vassdrag	0	
Klima og energi	0	
Tettstadutvikling	0	
Sosial infrastruktur	+2	
Teknisk infrastruktur	+2	
Barn og unge	-2	
Risiko og sårbarheit	-1	
Trafikksikkerheit	0	
Friluftsliv og rekreasjon	-2	
Støy	0	
Forureining	-1	
Næringsliv og sysselsetting	+1	
Økonomiske konsekvensar for kommunen		
Har grunneigar tomterreserve	Ja	

Bildetektst: Døme på mangelfull vurdering av ny arealbruk.

Det er ikkje tilstrekkeleg å berre vurdere utbygginga opp mot eksisterande kunnskap. Til dømes må det vurderast om det er behov for ytterlegare kartlegging. Kommunen må og synleggjere korleis dei ulike interessene er vekta samla.

### Heilskapleg konsekvensutgreiing

Den overordna konsekvensutgreiinga er også veldig kort og står etter vårt syn ikkje i samsvar med de føreslegne endringane i planforslaget.



### Planvask

I nasjonale forventningar til kommunal planlegging er det forventa at kommunane ved revisjon av kommuneplanens arealdel vurderer tidlegare vedteke arealbruk. Når det samstundes er kome nye nasjonale føringar og nytt kunnskapsgrunnlag meiner vi dette er heilt nødvendig å gjennomføre i Øystre Slidre kommune. Eksisterande avsette byggeområde som ikkje er bygd ut må vurderast opp mot dei same nasjonale og regionale føringar som foreslått ny arealbruk. Vi kommenterer dette nærare under vårt innspel til naturmangfald.

### Sti og løyper

Det er vist til at det skal leggjast til rette for stiar og løyper og at dette skal jobbast vidare med. I føresegna 7.3 er det vist kart for hovudtrasear for stiar og løyper. Det er ikkje tatt inn noko om dette i konsekvensutgreiinga. Der det skal opparbeidast til dømes løyper som krev planering kan dette være tiltak som det må utarbeidast reguleringsplan for.

### Fortetting

Fortetting er eit viktig grep i denne revisjonen. I planprogrammet har kommunen fokusert på at fortetting må skje med kvalitet. Det er vanskeleg å finne ei drøfting av om fortettinga har kvalitet i konsekvensutgreiinga. Det må og skiljast på kva som er fortetting og kva som er tettstadsspreiing. For å lukkast med fortetting inneber det ofte også ein form for transformasjon. Dette må også styrast gjennom føresegnene.

Det er føresegner om utvikling av sentrumsområda og det er nemnt at det er gjennomført moglegheitsstudier. Fleire av dei nye utbyggingsområda blir lagt på grønstruktur samstundes som vi ikkje kan sjå at nye grøntområde er lagt til. Nedbygging av grønne område mellom eksisterande utbygging er generelt eit problem og det motsette av fortetting med kvalitet.

### Tamrein

I vårt innspel til oppstart av planarbeid forventa vi at kommune tok omsyn til tamreindrift i kommunen. Dette er i liten grad omtala i planmaterialet.

Utbyggingsgrensa i arealplanen følger delvis grense for område med tamreindrift. Det er bra, men det bør vurderast om grensa bør endrast slik at ho fell saman med grensa for tamreinområdet. . Nokre av dei areala med fritidsbustader som er teke ut i denne revisjonen låg innafor byggegrense mot fjellet. Det er positivt for tamreindriften at desse areala no er redusert. Det er Statsforvaltaren i Trøndelag som er fagleg ansvarleg for å gi innspel til planarbeid som angår konsesjonsområde for tamreindrift. Så snart vi har uttala frå Trøndelag vil vi oversende denne til Øystre Slidre kommune.

### Jordvern

I ny nasjonal jordvernstrategi frå 2023 er målet å ikkje byggje ned meir enn 2000 dekar per år. Målet skal nås innan 2030. Kommunen hat tatt inn føresegner som skal ta i vare omsynet til dyrka mark. I arealrekneskapan går det fram at det er avsett omtrentleg 110 dekar til utbyggingsføre mål på dyrka mark. Det er ikkje oppgitt i konsekvensutgreiinga om foreslått arealbruk ligg på dyrka mark. Dette må gå tydeleg fram i konsekvensutgreiinga.

Utbygging av Dalestølen, Søre Veslestølen og Furustrand er eksempel på arealdisponeringar på dyrka mark som ikkje er i tråd med nasjonale føringar for jordvern. Statsforvaltaren fremmer **motsegn** mot omfanget av nedbygging på dyrka mark og ber kommunen gå igjennom for å vesentleg redusere beslaget av dyrka mark. Nytt næringsområde 13b – Olevegen ligg på dyrkbar



mark mellom område med dyrka mark. Her må kommunen vurdere andre alternativ som ikkje rører dyrkbart areal, og Statsforvaltaren oppmodar kommunen til å ta det ut.

### **LNFR-spreidd til bustad og fritidsbustader**

Kommunen har endra føremål på bygg i LNFR-områda frå LNF-spreidd til byggeføremål for bustad og fritidsbustad. Statsforvaltaren meiner dette er feil bruk av arealføremål. Vidare er endringane ikkje konsekvensutgreia. Vi fremmer derfor **motsegn** til endringa på grunn av manglande konsekvensutgreiing. Vi oppmodar kommunen til å løyse innsigelsen ved å vidareføra føremålet LNFR-spreidd.

### **Støy**

Føresegnene inneheld føringar for støy. Siste støyretningslinje frå Miljødirektoratet må gjerast gjeldande for reguleringsplanarbeid. Gjeldande støyretningslinje er T-1442/2021 frå Miljødirektoratet. Føresegnene bør også ta inn krav til stille uteopphaldsareal. Føresegnene må og gjelde for planarbeid som ligger utafør støysoner i kommuneplanens arealdel.

### **Klimagassutslepp**

Planen har føresegner for å redusere klimagassutslepp. Det er bra. Vi vil likevel påpeike at det bør lagast en rekneskap som viser følger av nedbygging av ulike areal i planen. Av erfaring ser vi at nedbygging av karbonrike areal ofte er det største bidraget til klimagassutslepp ved utbygging.

### **Avlaup**

Det går fram av planomtala at kommunen har eit bevisst forhold til at handtering av avlaup er ein viktig del av arealplanlegginga. Det er positivt at Øystre Slidre har ein kommunedelplan for vassmiljø-vassforsyning-avlaup 2018-2028 (VVA plan) som skal leggje til rette for «å sjå mål og område i samanheng, noko som også skal bidra til å nå mål i høve til vassforskrifta om vern og berekraftig bruk av vassførekomstane». Samstundes saknar vi ei konkretisering av dette i plandokumenta. I føringane for dei ulike infrastruktursonene, spesielt omsynssone H-410-SA (spreidd avlaup), saknar vi ei presisering av at nye einingar ikkje kan tillast der nye utslepp vil kome i konflikt med vassforskrifta sine føresegner om at alle vassførekomstar skal ha minst god økologisk og kjemisk tilstand. Både Reinsenvatnet, og bekkefelt aust og sør for vatnet, er i moderat økologisk tilstand mellom anna på grunn av avlaupsavrenning frå hytter og bustadar. For å sikre vassmiljøet, og for å gje utbyggjarar føreseielege forhold, anbefaler vi at kommunen er tydelege på at auka utslepp til resipientar som allereie har redusert tilstand, ikkje aksepterast.

Vi er elles nøgde med at det går tydeleg fram av føresegnene at alle einingar som etablerast i område der det er bygd ut vatn og avlaup, får krav om tilkopling.

### **Vassforvaltning**

Kommunane skal ivareta kantvegetasjon langs vassdrag gjennom sin planlegging etter plan- og bygningslova. Statsforvaltaren oppfordrar Øystre Slidre kommune til å bruke kommuneplanens arealdel til å fastsetje ein konkret breidde på kantvegetasjonsbeltet. Slik vi forstår føresegn 1.2 er kantsone langs vassdrag satt til 10 meter. Kommunen kan vurdere å differensiere dette etter størrelsen på vassdrag. For større vassdrag bør det være minimum 10 meter.

Ved ønske om å fjerne kantvegetasjon må det søkast om løyve frå Statsforvaltaren.

Føresegna kan gis som ei generell føresegn slik at den gjeld alle vassdrag i kommunen, eller eksempelvis knytast til føresegner om byggjegrænse langs vassdrag. Ved å ivareta kantvegetasjon i



kommuneplanens arealdel vil kantvegetasjon bli vareteke i kommande planar som blir utarbeidt, samt at kantsonene bidreg til å ta omsyn til vassmiljø, erosjon, biologisk mangfald og friluftsliv.

Kommunen har ikkje fastsett en byggjeforbodssone mot vassdrag. I følge pbl. § 1-8 skal det takast særleg omsyn langs vassdrag til natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og andre allmenne interesser. Langs vassdrag forventar Statsforvaltaren at det etter pbl. §11-11 nr. 5 blir fastsett ei grense på inntil 100 meter der bestemte tiltak mv. ikkje skal være tillate. Dette kan differensierast etter størrelsen på vassdrag. Inntil dette er gjort har Statsforvaltaren **motsegn** til planforslaget.

### **Overskotssnø og massehandtering**

Vi ser elles positivt på at kommunen har tatt inn detaljerte beskrivingar i føresegner og retningslinjer av korleis overskotssnø skal handterast, samt korleis ein skal sikre riktig massehandtering i utbyggingsprosjekt.

### **Naturmangfald**

#### *Spreiingskorridorar/grøntareal*

Øystre Slidre kommune legg opp til meir fortetting framfor utbygging av nye areal. Dette vurderer vi som positivt med tanke på å ivareta urørte areal og større samanhengande grønntareal. Vi vil likevel påpeike at det er viktig å sette att grønntareal/spreiingskorridorar i område kor ein skal fortetta, slik at ein sikrar at artar kan spreie seg/vandre igjennom utbygde område, og at det ikkje blir nye barrierar der det i dag er mogleg for artar å vandre.

#### *Myr/karbonrike areal*

I Føresegner og retningslinjer til kommuneplanen, under kap. 1.9 *Myr/karbonrike areal*, står det at inngrep som reduserer størrelsen eller funksjonen til myr og skog med høg bonitet som utgangspunkt skal unngåast, men vurderast i kvart tilfelle. Det er bra at kommunen som utgangspunkt legg til grunn at det ikkje skal gjerast inngrep i myr og karbonrike areal. Vi vil påpeika at det er under utarbeiding eit nasjonalt forbod mot utbygging på myrareal, slik at kommunen bør leggje til grunn at utbygging på myr ikkje skal skje, men at det i heilt spesielle saker kan gis løyve til det.

Vidare les vi at «tiltakshavar skal dokumentere djupna av myrene der det blir planlagt inngrep», men ikkje noko om kor djup ei myr må vere for å ikkje bli utbygd. Vidare står det at det skal gjennomførast kompensierende tiltak dersom det blir gjort tiltak. Det er ikkje forklart kva for tiltak som kan verke kompensierende for inngrep i myr, og det ynskjer Statsforvaltaren at kommunen greier nærare ut.

I arealregnskapet går det fram at 1667 dekar framtidig utbyggingsareal er lagt på myr. Statsforvaltaren fremmer **motsegn** til planforslaget fordi det er i konflikt med *Statlige planretningslinjer for klima- og energiplanlegging og klimatilpassning i kommunene*. Vi meiner arealdisponeringa kan føre til store utslepp av klimagassar gjennom nedbygging av myr. Kommunen må etter vårt syn ta ut areal avsett på myr og/eller utforme føresegner som betre sikrar at myrareal blir ivareteke innafor avsette utbyggingsområde.

#### *Ansvarsarter og naturtypar*

I 2015 utarbeida Miljøfaglig Utredning ein rapport over ansvarsnaturtypar og ansvarsarter i Oppland fylke på oppdrag frå Fylkesmannen i Oppland.

I Øystre Slidre kommune har dei særleg viktig forvaltningsansvar for desse naturtypane:



- Naturbeitemark/slåttemark (rik beitetørreng/slåttetørreng), boreal hei, engprega erstatningsbiotopar (veg- og jernbanekantar), heilhetleg gårdslandskap og seterlandskap.

Vidare har kommunen viktig forvaltningsansvar for naturtypane: Rik berglendt mark, hagemark (hengebjørkhagar) og store myrområde.

Av arter kan ein trekkje fram at Øystre Slidre har eit særleg forvaltningsansvar for: myrhauk (EN), trane, dobbeltbekkasin (NT), fjellerke, fjellmarinøkkel, huldrestarr (NT) og dragehovud (VU).

Øystre Slidre kommune skriv i oversendinga at utbyggingsområda er lagt til areal der det ikkje er regionalt viktige naturtypar eller raudlista arter. Statsforvaltaren forutset at kommunen tek omsyn til også ansvarsnaturtypane og ansvarsartene som er lista opp ovanfor, og ikkje berre raudlista arter og naturtypar. I tillegg er det viktig større samanhengande økosystema blir tatt vare på, og at deira funksjonalitet og god tilstand vert sikra ved nye utbyggingar.


#### *Kunnskapsgrunnlag*

Det er ein klar forventning frå Statsforvaltaren at det siste tilgjengelege kunnskapsgrunnlaget blir lagt til grunn i vidare arbeid med kommuneplanens arealdel og framtidige reguleringsplanar, og at område som er mangelfullt kartlagt med tanke på naturverdiar blir kartlagt før ein gjennomfører ei regulering. Delar av Øystre Slidre kommune er naturtypekartlagt dei siste åra, og det er også gjort ein rekke registreringar av artar. Det er likevel fleire område kor det er naudsynt med ein oppdatert status.

Til dømes ser vi at det er kartlagt store naturverdiar i området rundt Luskeråsen, eit areal som er avsett til vidare utbygging og fortetting. Det same gjeld områda rundt Beitostølen. Det er viktig at kommunen gjer gode vurderingar knytt til behovet for ytterlegare hyttetomter, og at dei plasserast i minst mogleg konflikt med dei naturverdiane som er registrert.


Som nemnt over forutset vi at ytterlegare utbygging og fortetting ikkje kjem i konflikt verken med nasjonale eller vesentlege regionale interesser, og at også naturtypar og artar som kommunen har eit særskild forvaltningsansvar for blir tatt omsyn til.

Statsforvaltaren finn at konsekvensutgreiinga er for dårleg og gjer det vanskeleg å vurdere kva konsekvensar kommuneplanen får for naturmangfaldet i kommunen. Etter vår vurdering kan mykje verdifull natur gå tapt om ein ikkje lagar ein betre konsekvensgreiing som faktisk vurderer kva konsekvensar planane vil få for naturverdiane. Mellom anna ser vi at det er fleire registreringar av naturtypar som ikkje er vurdert i konsekvensutgreiinga i områder på Beitostølen der det er foreslått å byggje mellom eksisterande bygg og å utvide områda. at det. Disse områda kan vi per no ikkje vurdere nærare utan ein grundigare utreiing (Figur 1). Til dømes er det registrert naturtypar med gamal granskog med gamle tre og kalkbjørkeskog. Registreringane er frå 2021, som vil seie at dette er ny kunnskap som kommunen skal ivareta i det vidare arbeidet med planen.



**Figur 1:** Rundt Beitostølen er det foreslått ein rekkje nye områder for utbygging som kjem i konflikt med registrert naturverdiar (raude og oransje polygon) (InnlandsGIS).

Vi fremmer også **motsegn** mot eksisterande areal avsett til utbygging ved Luskeråsen, kor vi ser at det er store naturverdiar i form av naturtypane gammal grandominert naturskog og gammal granskog med gamle tre, begge av svært høg kvalitet og med sentral økosystemfunksjon (Figur 2). Dette er eit areal som må vurderast nærare i ein planvask. Det er registrert ei rekkje nært trua lavartar knytt til skogareala, til dømes; gubbeskjegg (NT), granseterlav (NT), druelav (NT) og sprikeskjegg (NT). Dette er eit stort område med gamal skog som blei kartlagt i 2023, kor det vil vere særst uheldig å fragmentere/øydeleggje deler av naturtypen. Vi fremmer **motsegn** om dette arealet blir ståande i planen.. Kommunen må ta ut/justere ut areal med naturtypen slik at avsett område til utbygging ikkje omfattar naturtypen, og at det ikkje blir lagt til rette for inngrep i naturtypen i det heile.




**Figur 2:** Ved Luskeråsen er det planlagt utbygging inn i et stor område med gammalskog (raud polygon) kor det er registrert ein rekkje nært trua artar (brune kross) knytt til skogen (InnlandsGIS).

Vi viser også til at det ligg inne eit gammalt utbyggingsområde som tidlegare er vedtatt i kommunedelplan – Gravfjellet (Figur 3). Dette utbyggingsområdet blei vedtatt for en del år tilbake. Vi kan ikkje sjå at kommunen har tatt stilling til om dette området framleis er aktuelt for utbygging i den nye kommuneplanen, eller om ein burde ta området ut fordi det ikkje lengre er aktuelt eller egna for utbygging. Området er stort og det er ikkje registrert naturtypar eller artar innanfor arealet, med unntak av ei eldre registrering frå 2002 i nordaust kor det finst ein naturtype kroksjøar, flomdammar og meanderande elveparti med verdi som viktig (B). Det at det ikkje er registrert nokon naturtypar eller artar i området, skuldast truleg at det ikkje er gjennomført nærare kartleggingar av området. Her vil sterkt oppfordre til at kommunen enten gjennomfører kartlegging av området for å sjå kva for naturverdiar som finns, og vidare vurdere om det framleis er aktuelt å ha inne dette området i kommuneplanen eller om det burde takast ut (gjerast ein planvask).









**Figur 4:** Ved Lihaugstølen blir det no vedteken ny reguleringsplan som tek sikte på utbygging i den utvalde naturtypen slåttemyr (oransje polygon) som er ein sterkt trua (EN) naturtype (InnlandsGIS).

Det er satt av eit større området for bygningar og anlegg, idrettsanlegg (Figur 5), kor det på deler av området er registrert naturtypen boreal hei, som er ein sårbar (VU) naturtype med sentral økosystemfunksjon. Det er i dag eksisterande alpinanlegg i området, og vi forutsett at dersom ein i framtida planlegg utviding av anlegget i form av nye skitrekke eller anna infrastruktur, så skal ein ivareta naturtypen og ikkje gjere slike inngrep i den som bidrar til fragmentering av naturverdiane.




**Figur 5:** Innenfor eit område som er avsett til bygningar og anlegg, idrettsanlegg (grøn polygonar), er det registrert større områder med naturtypen boreal hei (raude og oransje polygonar), som er ein sårbar naturtype (InnlandsGIS).

I området Javnlie er det lagt inn utbyggingsforslag kor det i dag er registrert nokre eldre naturtypar frå 2002, då naturbeitemark og rik boreal lauvskog, begge med verdi som viktig (B) (Figur 6). Det er ikkje gjennomført nyare kartlegging av området, og slik planen for området er lagt fram nå, så er det lagt opp til fragmentering av naturtypane. Her vurderer vi det som naudsynt med ny kartlegging for å finne ut om naturtypane framleis finns i området, og i så fall korleis ein kan ivareta dei dersom ein skal byggje ut i området. Det bør settast igjen buffersoner rundt naturtypane dersom ein tenkjer å byggje ut her.



**Figur 6:** Innenfor området ved Javnlie kor det er planlagt ein del utbygging, finns det nokre eldre registrerte naturtypar med naturbeitemark og rik boreal lausvog (grøne polygonar) som kjem i konflikt med utbygginga (oransje område) (InnlandsGIS).

I området ved Grønolslie er det planlagt bygningar og anlegg. Fritids- og turistformål (Figur 7), kor det også er registrert naturtypen naturbeitemark, som er en sårbar (VU) naturtype med sentral økosystemfunksjon.



**Figur 7:** Ved Grønolslie kjem planlagt bygningar og anlegg, fritids- og turistformål (lilla polygon) i konflikt med registrert naturtype naturbeitmark (raud polygon) (InnlandsGIS).

#### *Konklusjon naturmangfald*

Statsforvaltaren vil til slutt påpeike at det framleis er mykje verdifull og sårbar natur som ligg innanfor område kor det vertplanlagt utbygging i kommunen, og at ein då bidreg til forringing/øydelegging av naturtypene og dei artene som er knytt til området. Statsforvaltaren påpeiker at kunnskapsgrunnlaget for Øystre Slidre kommune mange stadar er heilt oppdatert med nye kartleggingar, men at det også er område kor det i dag er behov for meir kartlegging. Vi forutset at kommunen brukar den nyaste kartleggingsinformasjonen dei har om naturverdiane i kommunen i det vidare arbeidet med kommuneplanen. Slik planen ser ut per nå er det fleire område i kommunen kor naturverdiane ikkje er ivaretatt og kor ein risikerer å miste verdifull natur. Vidare er det utarbeida ein konsekvensutgreiing som Statsforvaltaren vurderer er for dårleg til å kunne gjere ein god vurdering av kva for konsekvensar planen vil ha for naturverdiane, og vi kan difor ikkje gi tilstrekkeleg tilbakemelding til kommunen på kommuneplanens arealdel slik den føreligg i dag.

#### **Samfunnstryggleik og beredskap**

Det er laga risiko- og sårbarheitsanalyse for kommunens arealdel. Analysen omfattar risiko- og sårbarheitsvurderingar av dei føreslegne utbyggingsområdene i arealdelen. På bakgrunn av vurderingane er det lista opp tiltak som må gjennomførast for å sikra tilstrekkeleg tryggleik om dei enkelte områda vert utbygd. Vi legg til grunn at desse anbefalingane blir fylgde i den vidare behandlinga av arealdelen og i reguleringsplanar for dei enkelte områda. Denne delen av analysen følgjer metoden i rettleiar *Samfunnstryggleik i kommunen si arealplanlegging* som Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap gav ut i 2018.



Risiko- og sårbarheitsanalysen omfattar likevel ikkje kommuneplanen sin arealdel samla sett, det vil seie resten av planområdet. Plan- og bygningsloven § 4-3 stiller krav om risiko- og sårbarheitsanalyse for planområdet, som for kommuneplanen gjeld kommunearealet i sin heilheit. Risiko- og sårbarheitsanalysen må dokumentera vurderingar om risiko- og sårbarheitsforhold som gjeld til dømes flaum- og skredfare i andre område enn utbyggingsområde, mellom anna som dokumentasjon og grunnlag for omsynssoner i plankartet. Dette er viktig for å avdekkja eventuelle risiko- og sårbarheitsforhold mellom anna basert på ny kunnskap og klimaendringar. Sjølv om omsyns- og faresoner er markerte i plankartet og har tilhøyrande planføresegner, er det viktig at risiko- og sårbarheitsanalysa dokumenterer vurderingar og analysar av risiko som er knytt til desse områda utanfor dei føreslegne utbyggingsområda. Dette gjeld mellom anna grunnlaget for faresonane.

For kommunen samla sett blir det berre vist til hendingar i fire kategoriar frå kommunens heilskaplege risiko- og sårbarheitsanalyse som seinast vart oppdatert i 2020. Krav om heilskapleg risiko- og sårbarheitsanalyse er heimla i lov om kommunal beredskapsplikt, sivile vernetiltak og Sivilforsvaret (sivilbeskyttelsesloven), og i forskrift om kommunal beredskapsplikt. Slik analyse skal utarbeidast uavhengig av kommuneplanens arealdel, og skal også omfatta andre tema enn arealmessige tema. Denne analysen er dermed ikkje dekkjande for kravet til risiko- og sårbarheitsanalyse i kommuneplanens arealdel.

På grunn av at risiko- og sårbarheitsanalysa manglar analyse og vurderingar som gjeld heile kommuneplanens arealdel, fremjar Statsforvaltaren **motsegn** til kommuneplanens arealdel, jf. plan- og bygningslova § 4-3.

### **Generelt om rettsverknad av KPA og bruken av omsynssone H910**

I føresegnene pkt. 2.1 heiter det no: «*Område der eksisterande reguleringsplan framleis skal gjelde uendra er synt som detaljeringssone (H910). Dei blir då syna som kvite område i arealplankartet.*»

I plankartet skal no H910 synast med (generalisert) arealformål under skravur. Sjå her pkt. 4.6.7.2 i departementet sin rettleiar til kommuneplanens arealdel.

Vidare heiter det: «*Ny plan, både reguleringsplan og føresegner og kart i kommuneplanen, gjeld føre eldre reguleringsplanar i detaljeringssonene. Kva meiner kommunen her? Meiner ein med «ny plan» framtidige revisjonar av KPA eller meiner enn denne revisjonen? Meiner ein det siste, så kan ein ikkje nytta H910. Denne omsynssona kan berre nyttast der reguleringsplanen skal gjelde «uendra». (Det er her ikkje nok at det er samsvar mellom planane når det gjelder arealføremål – det må og være samsvar mht omsynssonar og føresegner. Elles er det inga «uendra» vidareføring. Sjå her [Normal \(regjeringen.no\)](https://www.regjeringen.no) pkt. 1.5.2. *Det er ikke en uendret videreføring hvis det oppstår motstrid mellom kommuneplanens arealdel og reguleringsplanen, for eksempel fordi kommunen fastsetter generelle bestemmelser til kommuneplanens arealdel som skal gjelde foran reguleringsbestemmelsene i planen.*)*

Vi tilrår sterkt at dei generelle føresegnene og retningslinene i pkt. 1, samt evt. omsynssonar får rettsverknad for heile kommunen. Og slik vi les planomtalen pkt. 3.5 vert alle planar som ikkje er merka med detaljeringssona, oppheva. Dette tyder då på at kommunen har misforstått kva ordet «uendra» inneber, dvs når ein kan nytta H910. Dersom kommunen ynskjer å synleggjere på plankartet kor det finns reguleringsplanar som detaljerer og utfyller KPA, må den evt. gjere bruk av føresegnssone. Kva planar det gjeld, kan også nemnast i føresegnene.



Om kommunen ynskjer å nytta H910 for enkelte regulerte område, vil vi tilrå at desse reguleringsplanane vert opprømsa i føresegnene under pkt. 2.1 evt. pkt. 9 . Vi føreset då at det her gjeld heilt ferske reguleringsplanar. I motsett fall må kommunen gjere greie for korleis planen står seg opp mot gjeldande nasjonale og regional interesser, jf. pbl. § 11-8 bokstav f).

Statsforvaltaren fremmer **motsegn** mot bruken av H910 fram til kommunen har gjort greie for korleis planen står seg opp mot gjeldande nasjonale og regionale interesser jf. pbl. § 11-8 bokstav f).

### Generelt til føresegner og retningslinjer

Kommunen har gjeve omfattande føresegner og retningslinjer til arealdelen. Mykje av dette er bra. Statsforvaltaren må likevel be om at kommunen tydeleggjer kva som skal vere juridisk bindande føresegner. Rettleiande og forklarande tekst i dokumentet, er no synt i normal skrift medan juridisk bindande tekst er synt i kursiv. I nokre høve er det brukt både kursiv og normal skrift i same setninga. Døme her er siste setninga i pkt. 1.9 og 1.10. Etter vår meining er dette ein svært uryddig måte å gjere det på, og som lett skapar tvil både internt og eksternt om kva som er føresegna. Dei fleste kommunar vel å setje føresegner i klamme med tilhøyrande retningslinjer i normal eller kursivert tekst etterpå. Vi forutset at kommunen endrar dette.

Vidare må kommunen gjennomgå føresegner og retningslinjer med tanke på kva som er kva. Eit døme er siste setninga i pkt. 1.2 som no står i kursiv. Dette er ein rein informasjon og inga føresegn! Fleire døme kjem fram i kommentarane nedanfor.

### Kommentarar til einskilde føresegner

Pkt. 1.2

Det som er sagt om sjølve vegetasjonsbeltet er greitt, men vi saknar ei føresegn om ei utvida sone kor det generelt er forbode med byggjetiltak. Ei slik byggegrense skal ivareta fleire omsyn enn sjølve kantsona langs vassdrag, og må difor vere større enn 10 meter (bør normalt vere minst 50 meter). Berre unntaksvis kan eksisterande bygg og anlegg danne ei slik grense. Dette forutset i tilfelle at byggegrensa er planavklart i reguleringsplan av nyare dato.

Pkt. 1.3

Føresegna i første avsnitt synest å vere ei omskriving av lovas krav i § 28-10. Dette er uheldig, og vi tilrå at ein her nøyer seg med å vise til § det gjeld. Det er elles ikkje naudsynt å ha føresegner om ting som lova sjølv har føresegner om.

Flaumfare skal avklarast på siste plannivå. Dette må tydeleggjerast i den siste setninga (som då berre gjeld for tiltak på eksisterande bygg). Tilsvarande vil gjelde for det som seiast om faresoner i pkt. 12.

Pkt. 1.4

I siste setninga ber vi primært om at kommunen tek ut passusen «i utgangspunktet». Sekundært må den gje ei nærmare rettleiing om i kva høve det kan gjerast unntak frå krav til fellesløsning. Slik setninga no lyd, er den berre ei retningsline ved planbehandlinga, og gjev ikkje kommunen eit klårt avslagsgrunnlag i byggjesak.

Pkt. 1.6

«Nye bygningar og anlegg skal gjevast universell utforming i samsvar med teknisk forskrift eller strengare føresegner i reguleringsplanar.» Strengare føresegner i reguleringsplanar enn «universell utforming i samsvar med teknisk forskrift» kan vel knapt bli krevd? Derimot er det ynskjeleg om kommunen i



pkt. 1.6 gjev føring for kor stor del av ny utbygging innanfor Heggenes som skal oppfylle krava i TEK17 til tilgjengeleg bueining.

Setninga «Innanfor kvart byggeområde skal det setjast av nok areal for å få gode uterom og uterom med tilstrekkeleg opphaldsareal, vringleareal og møteplassar», verkar feilplassert og høyer vel heime i pkt 1.5?

Pkt. 1.7

Så langt vi kan sjå, er dette ei god rettleiing om når det krevst søknad eller plan for solenergianlegg! Vi oppfattar at sjølv føresegna skal gjelde for alle tidlegare regulerte område («*uavhengig av krav i reguleringsplan til material på tak*») og minner igjen om at ein då ikkje kan nytta H910, jf. ovanfor.

Pkt. 1.8

Her bør passusen «som hovudregel» takast ut, jf. pbl. § 29-2.

Pkt. 1.9

Det er positivt at kommunen synleggjer dette og ynskjer å ha ei sær s restriktiv haldning til nedbygging av myr. Dette er i tråd med Stortingets oppmodingsvedtak og pågåande lov- og forskriftshøyring frå Miljødirektoratet. Sjølv føresegna bør som nemnt tydeleggjerast og skjerpast. Det bør òg presiserast at det er forbod mot tiltak der naturtypen rikmyr er registrert.

Pkt.1.13

Kvifor er ikkje alt forma som ei føresegn? Vi tilrår at heile punktet blir ei føresegn.

Pkt. 2.2

«Som følge av»? Vi legg til grunn at kommunen her fyljer normal prosess med varsling, jf. § 12-14. Statsforvaltaren vil komme tilbake med eventuelle merknader når oppheving sendes på høyring.

Pkt. 2.3

Plankravet er svært omfattande sett i lys av at tiltaksomgrepet famnar vidt (jf. § 1-6), og i lys av at unntaka i 2.3.1 er relativt snevre og berre gjeld for «område sett av til byggeformål». Vi stussar litt over det siste avsnittet i pkt. 2.3.1 når det gjeld passusen om «dispensasjon frå plankravet» og minner om vilkårslæra. Vi ser elles at det er gjort unntak frå plankravet i pkt. 4.2.2, 4.2.3 og 4.3.3. Dette bør og nemnast/visast til i pkt. 2.3.

Pkt. 4.1.1

Ein bør kanskje starte med den siste setninga?

Pkt. 4.1.4

Skal ikkje alt vere ei føresegn?

Pkt. 4.1.5

Setninga om avrunding oppover er vel ei retningsline? Vi oppmodar til å ta inn krav til parkering for forretning også. Den andre setninga er vel rein informasjon og inga føresegn? Vi er elles i tvil om dei konkrete krav til tal p-plassar er for generelle og tilrår ei differensiering. Det er t.d. neppe behov for 2 plassar pr eining i alle område for bustader eller fritidsbustader. Sjå her også nest siste kulepunkt i pkt. 4.4.

Pkt. 4.1.9





Den andre setninga («Masseuttak og deponering av masser skal berre gå føre seg i områder regulert til føremålet»), er ei føresegn.

Vi viser til Faktaark M-1243 Mellomlagring og sluttdeponering av jord- og steinmasser som ikkje er forurenset. Dette bør innarbeidast.

Pkt. 4.2.1

«I område BS-26-10 ligg det også einingar som er regulert til anna føremål. Intensjonen er konvertering til bustadområde på lang sikt.» Dei bør vel då visast som bustader no?

Pkt. 4.4.

Det er vel ikkje berre «retningslinjer» i kulepunkta? Vi tilrår derfor at ein tek ut dette ordet samt oppgraderer fleire av kulepunkta til føresegner.

Pkt. 4.5

Slik dette er formulert, høyrer det helst heime i planomtalen. (Dette er prosa, og det har lite hensikt å informere om ei utleigeplikt når det samstundes kjem fram at kommunen ikkje følgjer den opp.)

Pkt. 4.9.3

Det er vel ikkje tilrådeleg å legge opp til «høg utnytting» og «mest mogeleg næringsverksemd» på areal «utan VVA i nærleiken»?

Pkt. 5.1

Vi ber om at den andre setninga vert innleia med «Dersom lovvilråa er oppfylt, kan kommunen godkjenne nye tomter...». Vidare tilrår vi at andre og tredje setning i det andre kulepunktet vert stroke. Vi er elles sær s n øgd med innhald i kulepunkta.

Pkt. 5.2

Kva er her føresegna når det gjeld tidlegare frådelt ubebygde hyttetomter? «Streng praksis» er inga føresegn.

Pkt. 5.2.1 - 5.2.5

Vi oppfattar at desse punkta heng saman og at maks u-grad i desse LNF-spreidd områda er 110m2 BYA pr. eigedom. I pkt. 5.2.5 stussar vi over «og naturvernområde merka bandlegging etter lov om naturvern». Ein skal vel ikkje her legge opp til ny bygging eller utviding her?, jf. pkt. 8.2.

Pkt. 7 kan gjerne strammast opp litt.

Pkt. 9.1

Vi minner om at ein ikkje kan gje føresegner til omsynssoner heimla i § 11-8 bokstav c).

### **Samordning av statlege motsegner**

Samordning av statlege motsegner til kommunale planar er ei fast ordning som inneberer at motsegner frå statlege myndigheiter kommer samordna frå Statsforvaltaren til kommunen. I dette tilfellet er det berre Statsforvaltaren som har motsegn til planforslaget, og samordning er derfor ikkje nødvendig.



Med helsing

Anne Kathrine Fossum (e.f.)  
kommunal- og samordningsdirektør

Øyvind Gotehus

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Kopi til:

Innlandet fylkeskommune

Norges vassdrags- og energidirektorat Region  
Øst

Statens vegvesen

Direktoratet for mineralforvaltning  
Mattilsynet

Pb. 4404

Postboks 4223

Postboks 1010 Nordre  
Ål

Postboks 3021 Lade

Postboks 383

2325 HAMAR

2307 HAMAR

2605 LILLEHAMMER

7441 TRONDHEIM

2381 BRUMUNDDAL